

Hordaland fylkeskommune
Pb 7900
5020 BERGEN

Deres ref.:


Vår ref.:
19/284 - 1 / BJOMIDT

Dato:
29.03.2019

Halsnøysambandet - sviktande bompenginntekter

Ferde AS har i ein gjennomgang av økonomien i prosjektet Halsnøysambandet avdekket at prosjektet, med dagens takstar og trafikk, ikkje vil vera i stand til å nedbetala uteståande gjeld på NOK 112 millionar innanfor gjeldande innkrevingsperiode som varer til mars 2023. Gjelda i prosjektet er garantert av Hordaland fylkeskommune med ein sjølvskuldnargaranti på inntil NOK 130 millionar fram til 2023.

Hovudårsaka til inntektssvikten er ein stor og framleis aukande elbilandel i prosjektet:



I St.prp. nr. 84 (2002–2003) *Om utbygging av riksveg 544 Halsnøysambandet med delvis bompengefinansiering*, er det føresett ei gjennomsnittleg passeringssinntekt på kr. 86,70 (2003 kroner). Gjennomsnittleg passeringssinntekt i 2018 var på kr. 57,40 (2018 kroner).

Bompengetakstar for nullutsleppskøyretøy vert innført 1. april 2019. Ferde er i dialog med Statens vegvesen Region vest om det er naudsynt med andre verkemiddel for å betra økonomien i prosjektet.

Kontakt info

Telefon 55 55 94 94

Epost firmapost@ferde.no
Web <https://ferde.no>
Org.nr. 918012745

Postadresse

Ferde AS

Postboks 2623
5836 Bergen

Besøksadresse

Ferde AS

Fjøsangerveien 68
5068 Bergen

Saksbehandler

Bjørn Inge Midtgård
Bjørn Inge Midtgård

bjorn.inge.midtgard@ferde.no

I proposisjonen står det at:

«Bompengeselskapet kan etter avtale med Vegdirektoratet øke takstene med inntil 20 pst. og forlenge innkrevningen med inntil 5 år dersom bompengeinntektene blir lavere enn forutsatt.»

Ferde vil følgja nøye med på korleis innføringa av takst for nullutsleppskøyretøy påverkar inntektene i Halsnøysambandet. Det må vurderast om det kan bli aktuelt å fremja eit forslag om å auka takstane, forlenga innkrevjingsperioden og ev. å kombinera takstauke med forlenga innkrevjingsperiode. Dette må drøftast nærmare med garantisten Hordaland fylkeskommune.

Det er Statens vegvesen Region vest som sender over ei eventuell sak til fylkeskommunen om forslag til nye takstar og/eller utvida innkrevjingstid, i samsvar med rettleiinga for «Andre takstendringer» i Håndbok V718 *Bompengeprosjekter*.

Med helsing

Trond Juvik
administrerende direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Kvinnherad kommune
Statens vegvesen Region vest

Rosendalsvegen 10
Postboks 43

5470
6861

ROSENDAL
LEIKANGER